



**VINNAR:** Torild Finsrud Velure og Sigrid Gjelland tok glade imot prisen av Thorild Dahl.

# Voss tok prisen

– Det er eit spennande opplegg Voss har laga, seier miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, som gratulerer Voss med Kulturminnedag-prisen. – Vossingane har laga eit program som syner breidde i opplæringsaktiviteter.

Tvildemoen yrte av liv trass i regn og ruskete vær søndag. Steikte bananar og blodpannekaker var mellom tinga som lokka.

Vestnorsk kulturakademi og Hordaland husflidsslag med andre vann i år prisen for beste kulturminne.

Dagen vart feira med open dag i alle lokala til akademiet og i Magasinet.

I kafeen sto Sigrid Haug og Brita Himle frå Voss bondekvinneleg, og steikte blodpannekaker til den store gullmedaljen.

– Me har eigentleg ikkje noko oppskrift på dette, men bruker litt slump, avslører Haug.

– Men eg kan røpa at det er like delar blod, vatn og mjøl.

– Det er veldig godt med litt søtt på, eg ser at sirupsboksen minkar alt.

Begge to er godt vane med å laga blodmat frå tidligare.

– I dag når me ikkje har gris lenger, må ein planleggja å laga blodpannekaker. Då vert det ikkje så ofte, seier Haug.

Og blodpannekakene smaka godt dei, nesten som blodpudding.

Både pannekaker og potetkaker gjekk unna, då folk trekte innomhus i regnet.

## Banan og sjokolade

I ein sjusteinsomn lagde Jori Gjelland Lid banan med sjokolade og mandlar. Eple steikte over bål gjekk òg unna.

– Ein banan treng omtrent ti minutt før den er klar, og det er kjempegodt, meiner ho.

Inne i vevstova er det trangt om plassen. Både av besøkande og dei som bruker den til vanleg.

Bak eine vevstolen sit Inger Djukastein og lagar herdaklut.

– Eg har vevd lenge men hadde

eit langt opphald, før eg tok det opp att for to år sidan, seier Djukastein.

– Når ein sit her har ein ikkje så fælt lyst å gjera noko anna, meiner ho.

Herdakluten lagar ho på bestilling og brukar ei god veke å få den ferdig.

– Det er lett å gjera feil når ein sit her og då må ein ta opp att heilt til ein finn feilen.

Herdaklutar og dukar vert laga på løpande band i vevstova.

I eine årestova var det utstilling av ei amatørgruppe som stilte ut bilete i oljemåling og akvarell.

## Slyngestokkar

Utanfor var det aktivitetar for born, der dei kunne laga seg tau med slyngestokkar.

Jenny Alm Stueland fekk hjelp av Janniche Ryssdalsnes som er kultur- og næringskonsulent i Hordaland.

Slyngestokkar er pinnar ein surrar garn på. Før i tida vart dei brukte til tvinning av snorer, band og tau, og dei var laga av ulike treslag og kunne ha ulik dekor.

– Det var mykje brukt som tau til båtar før i tida, for det var så sterkt. I dag lagar me tau med sterke fargar for det er litt kjekkare for borna, seier Ryssdalsnes.

Ho og Jenny sto mot kvarandre og heldt ein farge i kvar hand. Så kasta dei høgre stokk mot den andre og så den venstre.

Borna kunne òg få laga seg sitt eige hoppetau på reparbane.

Ein trekloss med to pinnar som sto opp var festa til eit bord. I andre enden var det ei sveiv med tre krokas som ein dreia rundt.

Trebua var òg open. Her sat mellom andre Lars Flatekvål og skar ut eit bilete av ein viking som skal koma opp på døra til eit grindverk.

– Eg har laga mykje i dragestil før og trivst med å ha noko å hengja fingrane i.

Besøkande kunne og sjå korleis ein lagar grindverk på akademiet.

Inne på akademiet var det utstilling frå kvart enkelt lokallag som er medlem av Hordaland husflidsslag, og Torild Finsrud Velure hadde utstilling av filthattar.

Voss kulturskule underheldt før

den høgtidlege prisen frå Kulturminnedagen vart delt ut.

Komiteleiar Thorild Dahl delte ut prisen, som Finsrud Velure og administrativ koordinator Sigrid Gjelland tok imot på vegne av deltakarane.

– I dag er det program på over 100 stader omkring i landet, der endringar i kulturarven står i fokus, sa Dahl.

– Arbeidet med kulturminnedagen er eit samarbeid mellom frivillige og det offentlige og skal syna mangfaldet i kulturarven vår.

Dahl peikar på mangfaldet me har rundt om i landet og ikkje minst kor imponert ho var over eldsjelene som står bak arrangementa.

– Årets tema er «Nytt liv i gamle minne», og her er Tvildemoen eit klart eksempel.

– Programmet syner ei kreativ og spennande formidling og eg er mektig imponert av engasjementet, seier Dahl.

## Helsing frå ministeren

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim gratulerer Voss med prisen for beste arrangement.

– Det er eit spennande opplegg Voss har laga, eit program som syner breidde i opplæringsaktivitetar, noko som er ein føresetnad for å få til nytt liv i gamle minne, seier Solheim i ei pressemelding.

– Eit variert program med solid, lokal forankring. Det dekkjer både den immaterielle og den materielle kulturarven på ein god måte.

– Kulturminnedagen skal bidra til å skapa forståing og interesse for kulturminne og kulturmiljø mellom folk.

– Den vert arrangert kvart år over heile Europa og omfattar femti land. Europarådet står bak arrangementet og i Noreg kan ein velja mellom arrangement i alle fylka.

– Kulturminnedagen er eit flott arrangement. Og eg vil nytta høvet til å takka dei mange frivillige som står bak. Eg er imponert over mangfaldet denne dagen syner, slår Solheim fast.

BRYNHILD STEINE | tekst og foto  
bs@avisa-hordaland.no



**TAU:** Med slyngestokkar vert tauet solid og godt. Jenny Alm Stueland får hjelp.



**VEVSTOVA:** Inger Djukastein lagar herdaklutur på bestilling.

« Me har eigentleg ikkje noko